

VEKEPLAN 7. TRINN

VEKE: 6

INFORMASJON TIL HEIMEN: - Skulen si heimeside:

www.minskole.no/froyland

Då vil eg berre informere om at vi har no nok vertsfamiliar til å ta i mot dei franske elevane i veke 11/12 (14.mars-20.mars)! Tusen takk! Så vil eg også minne om at dette er ikkje er tenkt som ei kjekk veke berre for vertsfamiliane m/elever, men for heile trinnet! Alle er velkommen til å bli med når vi skal arrangere felles aktivitetar, både store og små. Meir info om kva det blir vil koma når det nærmar seg.

I veke 6 reiser 15 elevar til Frankrike. På foreldre møte snakka vi om at det då vil bli ei annleis veke for elevane som ikkje reiser. Dette må vi dessverre utsetje til heile skulen skal ha Erasmus+ veke. På grunn av lærar situasjonen på trinnet, ser vi dette som den beste løysningen. Vi vil gje elevane som ikkje reiser ei kjekk og trygg veke og tenker det då er viktig at vi også har nok vaksne som kjenner elevane og som dei også er trygge på. Vi håper de alle har ein forståing for dette. Men veke 6 vil bli noko annleis for dei som er igjen på skulen. Det blir lese-prosjektveke for dei og dermed ikkje ei "vanlig" veke.

Denne veka vil også Sigrid Kverneland ha si fyrste veke. Ho er skal overta Eivind sine timar. Det vil seie at timeplanen slik den er nå, med to-delings og tre-delingsgrupper, vil bli den same. Sigrid skal ha ansvar for Engelsk, KRLE, Samfunnsfag, Gym og i tillegg vera med å styrke trinnet fagleg i andre fag. Vi gleder oss til det!

Foreldremøte 17. Februar kl. 17:00 Aula i C-bygg

I tillegg til vanlig foreldremøte kjem det foredragsholder frå organisasjonen Sterk og Klar for å snakke om problemstillingar knytt til barns sjølvforståing og sosiale samspel med kvarandre. Det er sendt ut eget skriv på Visma. Det er viktig at man bruker lenken på skrivet til å melde seg på foredraget da Sterk og Klar melder inn sine foredrag til helsedirektoratet.

Alle elevane har gym siste økt **måndagar** og **torsdagar**. Dei treng då gymklede, innegymsko og strikk/pannebånd til håret for dei som har langt hår. Dei som ønskjer å dusje på skulen treng å ta med handkle og såpe.

Bruk "Visma flyt skole" for å sende melding om fråvær eller andre beskjeder. De kan sjølvsagt skrive meldingar til oss når de vil, men de kan ikkje forvente svar frå oss utanom kontortida vår. Den er slik: **Måndag, Tysdag og Torsdag:** kl. 08:10-15.15. **Onsdag:** kl. 08.10-14.15. **Fredag:** kl. 08.10-13.00.

Vi ønsker ikkje å bli kontakta på private telefoner. Telefonnummeret til kontoret vårt er 51 77 65 13.

Fag:	MÅL FOR VEKA
Sosialt mål	Respekt: Det er når vi viser omsorg til oss sjølv, andre, ting og de som bestemmer.

VEKELEKSE TIL:		HUGS:
TORS DAG	Leseprosjekt: Les 15 minutt kvar dag om emnet du har valgt til leseprosjektet. Du kan lese i fysisk bok eller relevante nettsider(for eksempel Store Norske Leksikon).	